

Ordensreglar for Julsundet skole vedtekne 14.11.2013

Elevane sine rettar		
<ol style="list-style-type: none"> 1. Elevane skal ha påverknad på arbeidsmengd, undervisningsopplegg og innhald i vekeplan og halvårsplan. 2. Elevane skal ikkje ha heimearbeid til dagar etter søn- og heilagdagar utan spesiell avtale med læraren. 3. Elevane har rett til fortruleg samtale med lærarane sine eller leiinga ved skulen. 4. Kroppsleg refsing eller anna krenkjande behandling frå personale eller medelevar må ikkje nyttast. 5. Elevane har rett til å forklare seg før det blir teke avgjerd om refsing i samband med brot på ordensreglane. 		
Eleven sine plikter		
Reglar	Tiltak	Konsekvensar
<ol style="list-style-type: none"> 1. Møt presis til timane. 	<p>Vi skal ha med rett utstyr til kvar dag og til kvar time. Hugs at det kan vere to timer før eit friminutt.</p> <p>Vi skal utnytte arbeidsdagen, vere med å skape arbeidsro og sjølv ta ansvar for eiga læring.</p> <p>Vi skal spørje om lov til å gå ut av klasserommet.</p>	<p>Merknad ved brot Utsyr som manglar, kan ein elev hente når læraren gir lov.</p> <p>Eleven får merknad ved uro Ved særleg alvorlege brot kan rektor vise eleven bort for resten av dagen.</p> <p>Merknad ved brot</p>
<ol style="list-style-type: none"> 2. Ver høfleg og grei mot alle, også i bussen og på skulevegen. Mobbing og anna trakassering er ikkje tillate. <p>Nulltoleranse for valdsbruk</p>	<p>På skolebussen sit vi roleg på seta og lystrar bussjåføren.</p> <p>Vi har ansvar for å varsle vaksne viss vi ser nokon blir plaga eller mobba.</p>	<p>Eleven risikerer å måtte gå av bussen</p> <p>Ved mobbing, brukar vi skolen sin handlingsplan mot mobbing.</p> <p>Kan føre til utvising og nedsett åtferdskarakter (Gjeld u.skolen)</p>

<p>3. Ver med på å halde det reint og ryddig inne og ute. Vi utfører sortering av søppel slik som vi får beskjed om.</p> <p>Vi er ansvarleg for at skolen vår ikkje blir tilgrisa av søppel.</p> <p>Pultplatene skal vere reine.</p> <p>Det skal vere orden i og rundt hyller og elevskåp Vi skal ha det ryddig og fint i klasserom og korridorar.</p>	<p>Godt merka bøtter i klasserom og fellesareal, ute og inne</p> <p>Kvar elev har ansvar for at pulten sin er rein. Pultar og bord må vere tomme når de forlet rommet</p> <p>Kvar elev har ansvar for skåpet sitt.</p> <p>Golva må vere tomme når det skal vaskast</p>	<p>Eleven får ikkje gå heim før pulten er reingjort.</p> <p>Mykje rot i og rundt skåpet kan føre til at ein mistar retten til å ha eige skåp.</p>
<p>4. Ver helst ute i frisk luft i friminutta.</p> <p>Ungdomskoleelevane har lov til å vere inne i friminutta dersom dei viser vanleg folkeskikk, oppfører seg roleg og handsamar inventar på ein fin måte. Elevane kan opphalde seg i klasseromma i friminutta men døra skal alltid vere open. Barneskoleelvane skal vere ute i friminutta</p>	<p>Klare reglar om bruk av ballbingen.</p> <p>Det går an å prate i lag, spele, rusle rundt og sjå seg om. Dersom ein ønskjer å ha litt meir ”fart” i friminutta, skal ein vere ute.</p>	<p>Uro i klasserom og korridorar fører til at ein blir vist ut.</p>
<p>5. a) Det er ikkje lovleg å ha med eller ete snop på skolen.</p> <p>b) Det er ikkje lovleg å bruke tobakk, snus, dop eller andre rusmiddel på skulen</p>	<p>Røyking og all bruk av rusmiddel er også forbode på skolens uteområde og ved tilstellingar som skolen har ansvar for.</p>	<p>Sjå kommunalt Ordensregelement, punkt 3.3.4</p>

<p>6. Far fint med skulebygg, inventar og skulemateriell og alt som høyrer medelevar til.</p>	<p>Bokbind på lærebøker. Setje utstyr på plass etter bruk. Levere inn att lånt utstyr</p>	<p>Eleven/heimen kan bli gjort økonomisk ansvarleg for det som er nemnt her (jfr Lov om Skadeerstatning, § 1-2).</p>
<p>7. Elevane kan ikkje forlate skuleområdet i skuletida utan særskild løyve.</p>		<p>Merknad ved brot</p>
<p>8. For å unngå uhell skal vi ikkje sykle på leikeplassen i skuletida. Ballspel og snøballkasting går føre seg på tilvist plass, likeeins bruk av ruller, rullebrett og sparkesykkel, og vi unngår farleg leik.</p>		<p>Merknad ved brot</p> <p>Elevar som gjentek brot på reglane kan få beskjed om at dei ikkje får ha med ruller, rullebrett eller sparkesykkel på skulen. Skulen tek kontakt med heimen.</p> <p>Ved særleg alvorlege brot kan rektor vise eleven bort.</p> <p>Ordensreglementet, punkt 3.2.2</p>
<p>9. Spørsmål som melder seg i friminutta, vender vi oss helst til inspisierende lærar med.</p>	<p>Dei vaksne som har vakt brukar markeringsvestar.</p>	
<p>10. Bruk av skulen sine datamaskiner er ikkje lov i friminutta eller andre gonger når elevane ikkje er under tilsyn.</p>		<p>Merknad ved brot</p>
<p>11. Elevane i ungdomsskulen har lov til å bruke mobiltelefon, MP3-spelar, nettbrett e.l. i friminutta. Dei kan og bruke dei i timane etter løyve frå lærar.</p>		<p>Det blir gitt merknad ved brot.</p>

<p>12. Vi skal ikkje ta med farlege gjenstandar som t.d kniv, fyrstikker, lightar og liknande. Farlege gjenstandar som kniv og fyrstikker kan nyttast av elevane i undervisningssamanheng</p>	<p>Farlege gjenstandar skal liggje att heime.</p>	<p>Merknad ved brot. Elevar kan i alvorlege tilfelle visast heim. Ordensreglementet punkt 3.2.2 Farlege gjenstandar som er nemnt vert også beslaglagt.</p>
<p>13. For at alle skal vere trygge på turar, ekskursjonar og leirskule skal vi alltid oppføre oss slik dei vaksne seier. Skulens ordensreglement gjeld i alle delar av undervisninga, også når den går føre seg utafør skulens område.</p>		<p>Ved alvorlege brot skal eleven ikkje få delta på neste tur, men blir plassert i ei anna elevgruppe. Kontaktlærer samrår med rektor før endeleg avgjer. Elev/foreldre/føresette skal ha informasjon om vedtaket og skal ha høve til å uttale seg før vedtaket blir sett i verk. På leirskule: Ved særlege alvorlege brot på reglane skal foreldre/føresette kontaktast og eleven skal hentast av dei. På skuletur i 10. klasse finst eit eige regelverk i tillegg til skulens ordensreglement.</p>
<p>14. Mat, drikke skal ein innta på klasserommet. Elevane i ungdomsskulen kan ete frukt i gangområda.</p>	<p>Frukt vert delt ut i 1. friminutt kvar dag. Det er avsett tid til å ete i tida 10.55 – 11.05 med ein vaksen til stades i klasserommet.</p>	<p>Elevar som er andre plassar i mattida, vert viste tilbake til rommet sitt. Ved fruktrot i gangane mistar elevane høve til å ete der.</p>
<p>15. Elevane i ungdomsskulen kan nytte det skotøyet dei ønskjer i skulebygningane.</p>	<p>Kvar og ein må passe på at skoa er mest mogleg reine når dei oppheld seg inne.</p>	
<p>Tiltak</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Ein elev som bryt ordensreglane skal tilsnakkast og/eller få merknad. 2. Ved gjentekne brot på ordensreglane, skal heimen varslast skriftleg eller munnleg. 3. Elevane kan bortvisast frå undervisninga. Reglar for dette i det kommunale Ordensreglementet, punkt 3.2.2. 		